

**KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 1106/2012****2017/EØS/51/84**

av 27. november 2012

**om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 471/2009 om fellesskapsstatistikk over handelen med tredjestatar, med omsyn til ajourføring av standarden for land- og territoriekodar(\*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 471/2009 av 6. mai 2009 om fellesskapsstatistikk over handelen med tredjestatar og om oppheving av rådsforordning (EF) nr. 1172/95<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 5 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Den versjonen av standarden som gjeld frå 1. januar 2007, er fastsett ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1833/2006 av 13. desember 2006 om standarden for land- og territoriekodar i statistikk over handelen mellom Fellesskapet og tredjestatar og handelen mellom medlemsstatane<sup>(2)</sup>.
- 2) Sør-Sudan er vorte ein uavhengig stat.
- 3) Dei nederlandske Antillane er vortne oppløyste.
- 4) Saint-Barthélemy tilhører ikkje lenger tollområdet til Den europeiske unionen.
- 5) Det er naudsynt med ein kode for transaksjonar som gjeld anlegg på ope hav (oljeplattformer, vindmølleparkar, oversjøiske kablar).

6) Bokstavkodane for land og territorium bør svare til den gjeldande ISO alfa-2-standard i den grad det er samsvar mellom denne og krava i unionsregelverket og statistikkbehova i Unionen.

7) Det bør difor utarbeidast ein ny versjon av denne standarden som tek omsyn til desse tilhøva og til endringar i samband med visse kodar.

8) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for statistikk over varehandelen med tredjestatar —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

Den versjonen av standarden som gjeld frå og med 1. januar 2013, for land- og territoriekodar i statistikk over handelen mellom Unionen og tredjestatar og handelen mellom medlemsstatane, er oppført i vedlegget til denne forordninga.

*Artikkel 2*

Forordning (EF) nr. 1833/2006 vert oppheva med verknad frå 1. januar 2013.

*Artikkel 3*

Denne forordninga tek til å gjelde 1. januar 2013.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 27. november 2012.

*For Kommisjonen*

José Manuel BARROSO

*President*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 328 av 28.11.2012, s. 7, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 98/2013 av 3. mai 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 31.10.2013, s. 72.

<sup>(1)</sup> TEU L 152 av 16.6.2009, s. 23.

<sup>(2)</sup> TEU L 354 av 14.12.2006, s. 19.

## VEDLEGG

## STANDARD FOR LAND- OG TERRITORIEKODAR I STATISTIKK OVER HANDELEN MELLOM UNIONEN OG TREDJESTATAR OG HANDELEN MELLOM MEDLEMSSTATANE

(Versjon som gjeld frå og med 1. januar 2013)

Kode	Nemning	Forklaring
<b>AD</b>	Andorra	
<b>AE</b>	Dei sameinte arabiske emirata	Abu Dhabi, Ajman, Dubai, Fujairah, Ras al-Khaimah, Sharjah og Umm al-Qaiwain
<b>AF</b>	Afghanistan	
<b>AG</b>	Antigua og Barbuda	
<b>AI</b>	Anguilla	
<b>AL</b>	Albania	
<b>AM</b>	Armenia	
<b>AO</b>	Angola	Medrekna Cabinda
<b>AQ</b>	Antarktis	Territoriet sør for 60° sørleg breidde; ikkje medrekna dei sørlege franske territoria (TF), Bouvetøya (BV), Sør-Georgia og Sør-Sandwichøyane (GS)
<b>AR</b>	Argentina	
<b>AS</b>	Amerikansk Samoa	
<b>AT</b>	Austerrike	
<b>AU</b>	Australia	
<b>AW</b>	Aruba	
<b>AZ</b>	Aserbajdsjan	
<b>BA</b>	Bosnia-Hercegovina	
<b>BB</b>	Barbados	
<b>BD</b>	Bangladesh	
<b>BE</b>	Belgia	
<b>BF</b>	Burkina Faso	
<b>BG</b>	Bulgaria	
<b>BH</b>	Bahrain	
<b>BI</b>	Burundi	
<b>BJ</b>	Benin	
<b>BL</b>	Saint-Barthélemy	
<b>BM</b>	Bermuda	
<b>BN</b>	Brunei Darussalam	Ofte kalla Brunei
<b>BO</b>	Den fleirnasjonale staten Bolivia	Ofte kalla Bolivia
<b>BQ</b>	Bonaire, Sint Eustatius og Saba	
<b>BR</b>	Brasil	
<b>BS</b>	Bahamas	

Kode	Nemning	Forklaring
<b>BT</b>	Bhutan	
<b>BV</b>	Bouvetøya	
<b>BW</b>	Botswana	
<b>BY</b>	Kviterussland	Ofte kalla Belarus
<b>BZ</b>	Belize	
<b>CA</b>	Canada	
<b>CC</b>	Kokosøyane (eller Keelingøyane)	
<b>CD</b>	Den demokratiske republikken Kongo	Tidlegare Zaire
<b>CF</b>	Den sentralafrikanske republikken	
<b>CG</b>	Kongo	
<b>CH</b>	Sveits	Medrekna det tyske territoriet Büsingen og den italienske kommunen Campione d'Italia
<b>CI</b>	Elfenbeinskysten	
<b>CK</b>	Cookøyane	
<b>CL</b>	Chile	
<b>CM</b>	Kamerun	
<b>CN</b>	Kina	
<b>CO</b>	Colombia	
<b>CR</b>	Costa Rica	
<b>CU</b>	Cuba	
<b>CV</b>	Kapp Verde	
<b>CW</b>	Curaçao	
<b>CX</b>	Christmasøya	
<b>CY</b>	Kypros	
<b>CZ</b>	Den tsjekkiske republikken	
<b>DE</b>	Tyskland	Medrekna øya Helgoland; ikkje medrekna territoriet Büsingen
<b>DJ</b>	Djibouti	
<b>DK</b>	Danmark	
<b>DM</b>	Dominica	
<b>DO</b>	Den dominikanske republikken	
<b>DZ</b>	Algerie	
<b>EC</b>	Ecuador	Medrekna Galapagosøyane
<b>EE</b>	Estland	
<b>EG</b>	Egypt	
<b>EH</b>	Vest-Sahara	
<b>ER</b>	Eritrea	

Kode	Nemning	Forklaring
<b>ES</b>	Spania	Medrekna Balearane og Kanariøyane; ikkje medrekna Ceuta (XC) og Melilla (XL)
<b>ET</b>	Etiopia	
<b>FI</b>	Finland	Medrekna Ålandsøyane
<b>FJ</b>	Fiji	
<b>FK</b>	Falklandsøyane	
<b>FM</b>	Mikronesiaføderasjonen	Chuuk, Kosrae, Pohnpei og Yap
<b>FO</b>	Færøyane	
<b>FR</b>	Frankrike	Medrekna Monaco, dei franske oversjøiske departementa (Fransk Guyana, Guadeloupe, Martinique og Réunion) og den franske nordlege delen av Saint-Martin
<b>GA</b>	Gabon	
<b>GB</b>	Det sameinte kongeriket	Storbritannia, Nord-Irland, dei britiske kanaløyane og øya Man
<b>GD</b>	Grenada	Medrekna dei sørlege Grenadinane
<b>GE</b>	Georgia	
<b>GH</b>	Ghana	
<b>GI</b>	Gibraltar	
<b>GL</b>	Grønland	
<b>GM</b>	Gambia	
<b>GN</b>	Guinea	
<b>GQ</b>	Ekvatorial-Guinea	
<b>GR</b>	Hellas	
<b>GS</b>	Sør-Georgia og Sør-Sandwichøyane	
<b>GT</b>	Guatemala	
<b>GU</b>	Guam	
<b>GW</b>	Guinea-Bissau	
<b>GY</b>	Guyana	
<b>HK</b>	Hongkong	Det særlege administrative området Hongkong i Folkerepublikken Kina
<b>HM</b>	Heardøya og McDonaldøyane	
<b>HN</b>	Honduras	Medrekna Swanøyane
<b>HR</b>	Kroatia	
<b>HT</b>	Haiti	
<b>HU</b>	Ungarn	
<b>ID</b>	Indonesia	
<b>IE</b>	Irland	
<b>IL</b>	Israel	
<b>IN</b>	India	

Kode	Nemning	Forklaring
<b>IO</b>	Britisk territorium i Indiahavet	Øygruppa Chagos
<b>IQ</b>	Irak	
<b>IR</b>	Den islamske republikken Iran	
<b>IS</b>	Island	
<b>IT</b>	Italia	Medrekna Livigno; ikkje medrekna kommunen Campione d'Italia
<b>JM</b>	Jamaica	
<b>JO</b>	Jordan	
<b>JP</b>	Japan	
<b>KE</b>	Kenya	
<b>KG</b>	Republikken Kirgisistan	
<b>KH</b>	Kambodsja	
<b>KI</b>	Kiribati	
<b>KM</b>	Komorane	Anjouan, Grande Comore og Mohéli
<b>KN</b>	Saint Kitts og Nevis	
<b>KP</b>	Den demokratiske folkerepublikken Korea	Ofte kalla Nord-Korea
<b>KR</b>	Republikken Korea	Ofte kalla Sør-Korea
<b>KW</b>	Kuwait	
<b>KY</b>	Caymanøyane	
<b>KZ</b>	Kasakhstan	
<b>LA</b>	Den demokratiske folkerepublikken Laos	Ofte kalla Laos
<b>LB</b>	Libanon	
<b>LC</b>	Saint Lucia	
<b>LI</b>	Liechtenstein	
<b>LK</b>	Sri Lanka	
<b>LR</b>	Liberia	
<b>LS</b>	Lesotho	
<b>LT</b>	Litauen	
<b>LU</b>	Luxembourg	
<b>LV</b>	Latvia	
<b>LY</b>	Libya	
<b>MA</b>	Marokko	
<b>MD</b>	Republikken Moldova	
<b>ME</b>	Montenegro	
<b>MG</b>	Madagaskar	
<b>MH</b>	Marshalløyane	
<b>MK<sup>(1)</sup></b>	Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia	

Kode	Nemning	Forklaring
<b>ML</b>	Mali	
<b>MM</b>	Myanmar	Ofte kalla Burma
<b>MN</b>	Mongolia	
<b>MO</b>	Macao	Det særlege administrative området Macao i Folkerepublikken Kina
<b>MP</b>	Nord-Marianane	
<b>MR</b>	Mauritania	
<b>MS</b>	Montserrat	
<b>MT</b>	Malta	Medrekna Gozo og Comino
<b>MU</b>	Mauritius	Øya Mauritius, øya Rodrigues, Agalegøyane og Cargados Carajos Shoals (Saint Brandonøyane)
<b>MV</b>	Maldivane	
<b>MW</b>	Malawi	
<b>MX</b>	Mexico	
<b>MY</b>	Malaysia	Malayahalvøya og Aust-Malaysia (Labuan, Sabah og Sarawak)
<b>MZ</b>	Mosambik	
<b>NA</b>	Namibia	
<b>NC</b>	Ny-Caledonia	Medrekna Loyaltyøyane (Lifou, Maré og Ouvéa)
<b>NE</b>	Niger	
<b>NF</b>	Norfolkøya	
<b>NG</b>	Nigeria	
<b>NI</b>	Nicaragua	Medrekna Cornøyane
<b>NL</b>	Nederland	
<b>NO</b>	Noreg	Medrekna øygruppa Svalbard og øya Jan Mayen
<b>NP</b>	Nepal	
<b>NR</b>	Nauru	
<b>NU</b>	Niue	
<b>NZ</b>	New Zealand	Ikkje medrekna Ross-området (Antarktis)
<b>OM</b>	Oman	
<b>PA</b>	Panama	Medrekna den tidlegare Kanalsona
<b>PE</b>	Peru	
<b>PF</b>	Fransk Polynesia	Marquesasøyane, Selskapsøyane (medrekna Tahiti), Tuamotuøyane, Gambierøyane og Australøyane
<b>PG</b>	Papua Ny-Guinea	Den austlege delen av Ny-Guinea; Bismarckarkipelet (medrekna Ny-Britannia, Ny-Irland, Lavongai og Admiralitetsøyane); dei nordlege Salomonøyane (Bougainville og Buka); Trobriandøyane, Woodlarkøya, d'Entrecasteauxøyane og øygruppa Louisiade

Kode	Nemning	Forklaring
<b>PH</b>	Filippinane	
<b>PK</b>	Pakistan	
<b>PL</b>	Polen	
<b>PM</b>	Saint Pierre og Miquelon	
<b>PN</b>	Pitcairn	Medrekna Ducieøyane, Hendersonøyane og Oenoøyane
<b>PS</b>	Det okkuperte palestinske området	Vestbreidda (medrekna Aust-Jerusalem) og Gazastripa
<b>PT</b>	Portugal	Medrekna Azorane og Madeira
<b>PW</b>	Palau	
<b>PY</b>	Paraguay	
<b>QA</b>	Qatar	
<b>RO</b>	Romania	
<b>RU</b>	Den russiske føderasjonen	Ofte kalla Russland
<b>RW</b>	Rwanda	
<b>SA</b>	Saudi-Arabia	
<b>SB</b>	Salomonøyane	
<b>SC</b>	Seychellane	Øyane Mahé, Praslin, La Digue, Frégate og Silhouette, Amiranteøyane (medrekna Desroches, Alphonse, Plate og Coëtivy), Farquharøyane (medrekna Providence), Aldabraøyane og Cosmoledoøyane
<b>SD</b>	Sudan	
<b>SE</b>	Sverige	
<b>SG</b>	Singapore	
<b>SH</b>	Saint Helena, Ascension og Tristan da Cunha	
<b>SI</b>	Slovenia	
<b>SK</b>	Slovakia	
<b>SL</b>	Sierra Leone	
<b>SM</b>	San Marino	
<b>SN</b>	Senegal	
<b>SO</b>	Somalia	
<b>SR</b>	Surinam	
<b>SS</b>	Sør-Sudan	
<b>ST</b>	São Tomé og Príncipe	
<b>SV</b>	El Salvador	
<b>SX</b>	Sint Maarten (den nederlandske delen)	Øya Saint-Martin er delt inn i ein fransk del i nord og ein nederlandsk del i sør
<b>SY</b>	Den arabiske republikken Syria	Ofte kalla Syria
<b>SZ</b>	Swaziland	

Kode	Nemning	Forklaring
<b>TC</b>	Turks- og Caicosøyane	
<b>TD</b>	Tsjad	
<b>TF</b>	Dei sørlege franske territoria	Medrekna Kerguelenøyane, Amsterdamøya, Saint Paul-øya, Crozetøyane og dei franske spreidde øyane i Indiahavet (Iles Eparses), som omfattar Bassas da India, Europaøya, Gloriosøyane, Juan de Nova-øya og Tromelinøya
<b>TG</b>	Togo	
<b>TH</b>	Thailand	
<b>TJ</b>	Tadsjikistan	
<b>TK</b>	Tokelauøyane	
<b>TL</b>	Aust-Timor	
<b>TM</b>	Turkmenistan	
<b>TN</b>	Tunisia	
<b>TO</b>	Tonga	
<b>TR</b>	Tyrkia	
<b>TT</b>	Trinidad og Tobago	
<b>TV</b>	Tuvalu	
<b>TW</b>	Taiwan	Det særskilte tollområdet Taiwan, Penghu, Kinmen og Matsu
<b>TZ</b>	Sambandsrepublikken Tanzania	Pemba, Zanzibar og Tanganyika
<b>UA</b>	Ukraina	
<b>UG</b>	Uganda	
<b>UM</b>	Mindre øyar fjernt frå Sambandsstatane	Omfattar øyane Baker, Howland og Jarvis, atollen Johnston, Kingmanrevet, Midwayøyane, øya Navassa, atollen Palmyra og øya Wake
<b>US</b>	Sambandsstatane	Medrekna Puerto Rico
<b>UY</b>	Uruguay	
<b>UZ</b>	Usbekistan	
<b>VA</b>	Pavestolen (Vatikanstaten)	
<b>VC</b>	Saint Vincent og Grenadinane	
<b>VE</b>	Republikken Venezuela	Ofte kalla Venezuela
<b>VG</b>	Dei britiske Jomfruøyane	
<b>VI</b>	Dei amerikanske Jomfruøyane	
<b>VN</b>	Vietnam	
<b>VU</b>	Vanuatu	
<b>WF</b>	Wallis og Futuna	Medrekna øya Alofi
<b>WS</b>	Samoa	Tidlegare Vest-Samoa
<b>XC</b>	Ceuta	



Kode	Nemning	Forklaring
<b>XK</b>	Kosovo	Slik det er fastlagt i resolusjon 1244 av 10. juni 1999 frå Tryggingrådet i Dei sameinte nasjonane
<b>XL</b>	Melilla	Medrekna Peñón de Vélez de la Gomera, Peñón de Alhucemas og Chafarinasøyane
<b>XS</b>	Serbia	
<b>YE</b>	Jemen	Tidlegare Nord-Jemen og Sør-Jemen
<b>YT</b>	Mayotte	Grande-Terre og Pamandzi
<b>ZA</b>	Sør-Afrika	
<b>ZM</b>	Zambia	
<b>ZW</b>	Zimbabwe	

**DIVERSE**

<b>EU</b>	Den europeiske unionen	Kode som ved handel med tredjestatar er sett av til å opplyse om opphavet til varer i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i dei relevante unionsføresegnene. Koden skal ikkje nyttast til statistiske føremål.
<b>QP</b>	Ope hav	Havområde utanfor territorialgrensa
<b>QQ</b> <b>eller</b>	Lager og proviant	Valfri posisjon
<b>QR</b>	Lager og proviant i samband med handelen innanfor Unionen	Valfri posisjon
<b>QS</b>	Lager og proviant i samband med handelen med tredjestatar	Valfri posisjon
<b>QU</b> <b>eller</b>	Uspesifiserte land og territorium	Valfri posisjon
<b>QV</b>	Uspesifiserte land og territorium i samband med handelen innanfor Unionen	Valfri posisjon
<b>QW</b>	Uspesifiserte land og territorium i samband med handelen med tredjestatar	Valfri posisjon
<b>QX</b> <b>eller</b>	Land og territorium som ikkje er oppgjevne av handelsmessige eller militære årsaker	Valfri posisjon
<b>QY</b>	Land og territorium som ikkje er oppgjevne av handelsmessige eller militære årsaker i samband med handelen innanfor Unionen	Valfri posisjon
<b>QZ</b>	Land og territorium som ikkje er oppgjevne av handelsmessige eller militære årsaker i samband med handelen med tredjestatar	Valfri posisjon

(<sup>1</sup>) Mellombels kode som ikkje vil ha innverknad på den endelege nemninga på landet, som vil verte fastlagt etter avslutninga av dei tingingane som no går føre seg innanfor ramma av Dei sameinte nasjonane.